



Fylkesmannen i Trøndelag

Inn på tunet Midt-Norge
v/styret

05.02.2018



Tilbydarar av Inn på tunet-tenester og andre velferdstenester
Fylkeskontaktane for IPT hos FM i NT, ST og M&R
Sendt pr. post - adresseliste

Nettverkssamling Inn på tunet med tema «Omdømmebygging»

Vi inviterer tilbydarar av Inn på tunet-tenester og andre velferdstenester på gard i Midt-Norge til nettverkssamling **13.-14. april 2018**



Samlinga er denne gongen lagt til Stokkøya sjøsenter i Åfjord – www.stokkoy.no. Arrangør er nettverket Inn på tunet Midt-Norge i samarbeid med Fylkesmannen i Trøndelag. Samlinga er open for både medlemmar og ikkje-medlemmar av Inn på tunet Midt-Norge.

Hovudtemaet for samlinga er omdømmebygging – korleis skape og vedlikehalde omdømme. Det er viktig for tilbydarane og også nettverket å kunne nå og kommunisere med kjøpar- og behovsgrupper. Økta med Knut Røe er lang men vil bli variert i forhold til presentasjon og gruppearbeid. Det vil bli sendt ut eit spørjeskjema frå hovudforedragshaldar Røe til påmeldte i forkant av samlinga.

I tillegg vil Stokkøya sjøsenter holde innlegg om sin etablerarhistorie og Inn på tunet-tilbyder Gunnar Singsaas frå Åfjord vil snakke om etableringa av sitt tilbod.

Så gå ikkje glipp av denne samlinga og fagleg påfyll i tillegg til eit sosialt fellesskap! Ta med uteklede da det er flotte omgjevnader for å ut å lufte seg!

Giro for medlemsavgift i nettverket Inn på tunet Midt-Norge er lagt ved for dei som ønskjer å vere medlem.

Program:

Fredag 13. april

11.00 – 13.00

Omdømmebygging

v/Seniorrådgiver Røe Kommunikasjon

Knut Røe har mellom anna omdømmearbeid, strategiutvikling og leiing som spesialfelt. Nettverket har eit ønske om å utvikle kompetanse på målretta omdømmearbeid for å styrke konkurransekrafta. Røe lover oss arbeidsmåter som er motiverande, involverande og aktivisereade med vekt på muligheiter og utvikling og med stor overføringsverdi til vår kvardag. oss!



13.00 – 14.00

Lunsj

14.00 - 16.00

Omdømmebygging forts.

16.15 – 17.15

Årsmøte Inn på tunet Midt-Norge

19.00

Informasjon om studietur til USA og web-side

v/Linda F. Wolfe

19.30 -

Middag

Laurdag 14. april

08.00 - 09.00

Frukost

09.00 - 10.30

Stokkøya sjøsentor v/vertskapet

orienterer om si etablering og omdømmebygging i tillegg til at dei tar oss med på tur til bygeboksen

10.30 – 11.00

Pause

11.00 – 11.45

Gunnar Singsaas orientering om etablering og drift av IPT-tilbode dei har i Åfjord.

12.00-

Lunsj

På grunn av avtalen med hotellet for tilbakemelding av kor mange rom vi treng må **påmeldingsfrist** setjast til **5. mars**. De kan melde dykk på hos www.fylkesmannen.no/tl Kurs og konferanse. **Påmeldinga er bindande.**

Kostnad for å delta:

Pris for samlinga er:

- kr 1.500 pr. deltakar for medlemmar og
- kr 2.500 pr. deltakar for ikkje-medlemmar av Inn på tunet Midt-Norge.

I denne prisen får du eit godt fagprogram, måltider og overnatting i tillegg til eit sosialt fellesskap. Reiseutgifter må kostast av den enkelte.

Ved spørsmål og/eller du ønskjer å bli medlem - ta kontakt med:

IPT MN: Inger Moe – 92 61 68 88 el. inger@moegaard.no

FM i Tr.lag: Anne Solstad – 73 19 92 65 el. [fomtlaso@fylkesmannen.no](mailto:fmtlaso@fylkesmannen.no)

Velkomen!

Med helsing

Styret for Inn på tunet Midt-Norge

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Kopi u/vedlegg:

Fylkesmannen i Trøndelag v/fylkeskontakt for IPT	Postboks 2600	7734	STEINKJER
Alle kommunar i Trøndelag Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/fylkeskontakt for IPT	IPT-koordinator/alle etatar Fylkeshuset	6404	MOLDE